



– Me saknar snille og travle Siri (49) som fauk gjennom gangane

Tu skule minnst sin assisterande rektor, Siri Nessa Bjørnevik, som jobba ved skulen i 21 år.

Av Vibeke Sola, rektor Tu skule, på vegner av alle elevar, tilsette, føresette og kollegaer i kommunen.

Publisert: 22. september 2020

MINNEORD Skulestart 2020 på Tu skule vart ikkje som planlagd. Vår kjære assisterande rektor, Siri Nessa Bjørnevik, døydde brått 20. august. Ho vart berre 49 år gammal. Meldinga kom som eit sjokk på familie, vener, tilsette, elevar, føresette og heile Tu-krinsen. Me sørgjer saman med Kyrre og dei flotte døtrene, Henriette, Marthe og Irene og resten av familien.

Siri har arbeidd på Tu skule i 21 år. Siri vart tilsett grunna kompetanse og viktig erfaring frå barnehagen for å vareta fyrsteklassingane. Leik og praktisk estetiske fag som musikk, dans og drama var hennar styrkar. Etter kvart gjennomførte Siri den eine vidareutdanninga etter den andre. Ho har blant anna gjennomført studiar innan norsk, engelsk, profesjonsfagleg digital kompetanse, rektorskulen og inkluderande læringsmiljø. Ho vart aldri lei av å lesa og læra meir. Våren 2020 avslutta ho studia, og tida skulle nyttast til familie og vener. Ho inspirerte fleire kollegaer til å studera og vidareutvikla seg. Siri gjekk vegen frå lærar, teamleiar til assisterande rektor. Ho har gjort ein framifrå jobb i alle rollene på Tu. Det er få personar som brenn for så mange ting som Siri. Ho var ein igangsetjar med tallause idear og engasjerte seg i det meste. Ho deltok blant anna i lesetrøkk i kommunen, hadde føredrag på skular, var

kulturkontakt og tok imot lyttevener. Ho brann spesielt for lesing, godt læringsmiljø og alt innan kunst og kultur. Ho sa aldri nei til nye utfordringar. Viss tida ikkje strakk til, vart Kyrre sett til oppgåvene. Det kunne vera å laga vaflar til personalet, eller å henga opp julestjerna på Tu.

Siri var ei klok dame. Ho hadde ei eiga evne til å reflektera, koma med dei gode spørsmåla og utfordra på ein god måte. I tillegg var Siri menneskeklok. Ho oppfatta korleis menneska rundt seg hadde det. Kvar morgon møtte Siri alle med eit stort smil og sa «God morgon» i tillegg til namnet til eleven, føresette eller den tilsette. Siri var solstrålen på Tu med eit stort hjarta for alle rundt seg. Visjonen til Klepp kommune «Med blikk for alle» passa godt til Siri. Av og til kunne Siri gløyma blikket på seg sjølv. Ho hadde ein travel jobb og ville alle rundt seg det beste. Ho sette som regel andre føre seg sjølv. Alle som har opplevd Siri i eit møte, vil hugsa ho. Blikket, smilet og varmen var alltid der. Me saknar snille og travle Siri som fauk gjennom gangane. Me saknar latteren, smilet og spørsmålet om me hadde det bra, eller rosen for noko me hadde gjort. I tillegg var ho ikkje redd for å vera seg sjølv, gjera ein feil eller prøva noko nytt. Kvar arbeidsplass burde få oppleva å ha «ei Siri».

I skulen er det fleire kartleggingar av fagleg kompetanse. Siri var ikkje ein forkjempar for desse. Ho var meir oppteken av at elevane skulle trivast og ha tru på seg sjølv. Ho arbeidde hardt og mykje for PALS, gleding og mot mobbing. Ho leia «Partnerskap mot mobbing» i Tu-krinsen. Me ser på denne jobben som heilt unik. Siri samhandla med alle lag og foreiningar i Tu-krinsen. Det er gjennomført tallause møte og arrangement til glede for store og små. Det er særst tydeleg at Siri har betydd mykje for mange. Minnestaden utanfor skulen samla lys, brev, kort, blomar, perlefigurar, steinar og andre helsingar. Tu-krinsen vil takka familien for initiativet til minnegåva til Partnerskap mot mobbing. Dette skal vera med å driva prosjektet til Siri vidare. Krinsen og skulen har ein viktig jobb føre seg.

Lyset brenn framleis på kontoret til Siri. Sjokk og sorg må bearbeidast. Livet går vidare, og me vil ta med oss dei gode verdiane Siri stod for. Me vil veraause mot kvarandre og ivra etter å utdanna barn som trivst. Saknet er stort. Alle dei gode minna vil me gøyma i våre personlege «minnebøker».



ARBEIDSPLASSEN: Tu skule i Klepp. Foto: Arkiv